

STRATEGIPLAN

2015 - 2019

MÅL OG UTVIKLING



FORORD

Strategiplanen 2015-2019 er Opplæringskontoret for Nordhordland sitt styringsdokument. Vårt mål med denne planen er å skildre våre visjonar og mål for dei neste 4 åra. Opplæringskontoret er eit veldrevet kontor med stabile og dyktige medarbeidarar. Kontoret har 92 aktive medlemsverksemder pr. 01.03.2015, som samla har registrert 172 kandidatar i opplæring. Totalt har me godkjenning i 40 fag. Opplæringskontoret tek på alvor arbeidet med i stor grad å medverke til å sikre rekruttering i dei ulike yrke og bransjar, og skal halde fram som brubbyggjar mellom verksemd og lærling i Nordhordland også i framtida.. Me skal framleis vise stabil og god vekst dei neste åra, men me er samstundes alltid på jakt etter fleire medlemsverksemder.

01.03.2015


På vegner av Styret.

Nils-Arne Træland
styreleiar

ORGANISASJON

Organisasjonskart

Organisasjonskart med ansvarsfordeling:



Årsmøte eller generalforsamlinga er det overordna organet i Opplæringskontoret. Her har alle medlemsbedrifter møterett og stemmerett, og kan gjennom årsmøtevedtak påverka rammene for drifta av Opplæringskontoret

Styret, som blir valt på årsmøte, er juridisk ansvarleg for verksemda og legg rammene for drifta.

Dagleg leiar står for den utøvande leiinga, og har det overordna ansvaret for andre tilsette

Andre tilsette;

Læringskoordinator og kontormedarbeidar

Satsingsområde


Satsing i tråd med formålet med laget::

Alt arbeid som vert gjort i Opplæringskontoret for Nordhordland, må skje i samsvar med vedtektene for laget. Men for å sikra at vedtektene til ei kvar tid er tilpassa medlemsmassen, gjeldande lovverk og praksis, bør vedtektene jamleg reviderast på årsmøte.


I formålsparagrafen til laget, står det (sitat); *"Opplæringskontoret skal på vegner av medlemsverksemdene arbeida for kompetanseheving. Hovudoppgåva vert å koordinere og gjennomføre tiltak innan fagopplæring i samsvar med Opplæringslova og tilhøyrande forskrifter. ..."*

Historikk – Ståstad - Framtidsprognosar

Opplæringskontoret for Nordhordland vart stifta i 1995. Me hadde ein nedgang i lærlingetalet rundt tusenårsskiftet (2000 – 2002) elles har opplæringskontoret vakse år for år. I 2007 utvikla me vår første Strategiplan. Me sette oss høge mål. Og sjølv om me enno ikkje har nådd det overordna målet om å samla alle lærebedriftene i regionen, så har me oppnådd periode-måla me sette oss for vekst i lærlingetalet. Diagrammet under viser ei oversikt over tal lærlingar under utdanning og aktive medlemsbedrifter pr.år.



Næringslivet opplever no turbulente tider. Med dramatiske meldingar frå bl.a. oljeindustrien og deira underleverandørar. Men bilete er noko blanda, alt etter kva næring ein driv i. For Hordaland totalt viser Næringsbarometeret denne utviklinga med fallande kurve:



FORVENTINGANE FELL: Bedriftene i Hordaland er ikkje lenger like optimistiske. Foto: Næringsbarometeret - See more at: <http://www.naringsbarometeret.no/article/verksemde-ne-sl%C3%A5r-kaldt-vatn-i-blodet#sthash.aFlyYMwZ.dpuf>


Mykje tyder på at at perioden 2015 – 2019 vil by på utfordringar i innleiingsperioden, med sansynleg negativ utvikling i 2015. Men me har tru på at aktiviteten vil ta seg opp igjen. Erfaringsmessig, så veit me at konjunkturane svingar, og at det er viktig å oppretthalda opplæringa også i nedgangstider. Det tar tid å utdanna ein fagarbeidar (2 – 4 år i bedrift), så sjølv innan næringar som må skjera ned på bemanninga no, så vil me tilrå å oppretthalda talet på læreplassar. Slik er ein betre rusta når etterspørselen tar seg opp igjen.

Opplæringskontoret må satsa på å arbeida for å sikra rekrutteringa til yrkesfaga. Og me vonar bedriftene ikkje vil svikta no, når alt tyder på at yrkesutdanninga ser ut til å få heva status blant ungdommar. Me ser det som ei viktig oppgåve å bidra til å oppretthalda lokale skuletilbod, og bidra til at dei som vel yrkesutdanning, skal kunna fullføra utdanninga i regionen. Me er overtydd om at det vil vera trong for fagarbeidarar også i 2020.

Me må satsa på å gje dei ungdommane som ynskjer å ta fagutdanning lokalt, eit kvalitativt godt opplæringstilbod i regionen. Og slik få dugande fagfolk for framtida.

VISJONAR OG MÅL

Visjon og verdier



Opplæringskontoret for Nordhordland;
Det sjølvsgdde valet for lærebedriftene i
Nordhordland.



Kvalitet, samarbeid og service

Overordna mål for Opplæringskontoret

Opplæringskontoret for Nordhordland er ein medlemsorganisasjon for bedrifter i Nordhordland som er, eller kan bli, godkjente opplæringsbedrifter.

Vårt overordna mål er altså å styrka den yrkesfaglege opplæringa i Nordhordlandsregionen.

Og me trur at me vil klara det best ved å stå saman.

Hovudmåla me har sett oss er ideelle mål, som me ynskjer å strekkja oss mot.

Hovudmål:

- 1. Samla alle lærebedriftene i regionen**
- 2. Kvalitetssikra opplæringa**
- 3. Sikra rekruttering av fagarbeidarar**

Kvantitative mål for perioden:

- 110 lærebedrifter
- 200 lærlingar
- At alle lærlingar/lærekandidatar i våre bedrifter, skal få utnytta potensialet sitt og bli attraktive arbeidstakarar og engasjerte samfunnsborgarar.

Tiltak

I dette kapittelet vil me foreslå målretta tiltak, som skal bidra til at Opplæringskontoret når måla organisasjonen har sett seg. Me vil heile tida arbeida for å nå hovudmåla, men vil i den kommande perioden fyrst og fremst måla resultatoppnåing mot delmåla me har sett for perioden, og sjå desse som steg på vegen mot full måloppnåing; hovudmåla.

1 Samla lærebedriftene i regionen

- 1.1. Engasjerte og nøgde medlemsbedrifter
 - 1.1.1. Tett kontakt og god oppfølging
 - 1.1.2. Utvikla hensiktsmessig opplærings-materiell
 - 1.1.3. Ordna med formalitetane knytt til opplæringsløpet; påkrevde godkjenningar, teoriundervisning, oppmeldingar, m.m.
- 1.2. Marknadsføring av organisasjonen og medlemsverksemdene
 - 1.2.1. Felles annonsering
 - 1.2.2. Medieoppslag
 - 1.2.3. Kampanjar

2. Kvalitetssikring av opplæringa

- 2.1. Vidareutvikla kvalitetssikringsreiskap
 - 2.1.1. Lærepermane
 - 2.1.2. Opplæringsplanane
 - 2.1.3. KS-permen for Opplæringskontoret
- 2.2. Kvalitetssikra opplæringa
 - 2.2.1. Jamlege oppfølgingsmøte med lærling og bedrift
 - 2.2.2. Kunna stilla på kort varsel, etter førespurnad frå bedriftene.

- 2.2.3. Planar for teorigjennomføring
- 2.2.4. Registrera og dokumentera opplæringa

3 Sikra rekruttering av fagarbeidarar

- 3.1. Nå ut med informasjon
 - 3.1.1. Orientera alle vg1 og vg2 klassane i Nordhordland om lærlingeordninga, Opplæringskontoret, og våre medlemsbedrifter innan dei aktuelle faga.
 - 3.1.2. Bruka lokalavisene (annonsar og redaksjonell omtale)
 - 3.1.3. Bruka nettverket (tilsette, medlemsbedrifter og lærlingar) til å orientera om fagopplæring, lokale bedrifter og Opplæringskontoret i sitt lokalmiljø.
- 3.2. Vera tilstades og synleg på aktuelle messer og liknande.
 - 3.2.1. Yrkes og utdanningsmessa i Nordhordland
 - 3.2.2. Jobbmessa i Nordhordland
 - 3.2.3. ev. andre aktuelle arenaer
- 3.3. Gje god opplæring
 - 3.3.1. Samarbeida med bedriftene om kontinuerleg forbetring og kvalitetssikring.

Ressursplanlegging og økonomistyring

Opplæringskontoret har hatt positiv utvikling sidan 2002. Og behova i regionen tilseiar at me må halde fram arbeidet med satsinga på yrkesfagleg rekruttering og utdanning. Denne strategiplanen legg derfor opp til vidare vekst i både talet på medlemsbedrifter og lærlingar.

Det blir derfor særleg viktig få til ei balansert utvikling med samsvar mellom oppgåver og bemanning. Så styret og dagleg leiar må samarbeida om å finna fram til den rette balansegangen, og sikra god kvalitet på Opplæringskontoret sine tjenester, samstundes som bedriftene får sin fortjente del av tilskottet.

Tiltak:

- 4.1 Utarbeida årlege handlingsplanar med utgangspunkt i gjeldande vedtekter og strategiplan
- 4.2 Utarbeida årlege budsjett, og følgja opp med jamnleg rapportering om økonomisk ståstad i styret.
- 4.3 Vurdera og planleggja bemanninga, tilpassa arbeidsoppgåver og økonomi.

Revisjon av strategiplan

Denne strategiplanen gjeld for perioden 2015 – 2019. Den må godkjennast på årsmøte før den ev. trer i kraft. Godkjent strategiplan vert eit styringsdokument for involverte partar i Opplæringskontoret. Då fyrst og fremst for dagleg leiar og andre tilsette. Styret vil også kunna ha nytte av dette, då det vil kunna fungera som eit måleinstrument for måloppnåing.

Strategiplanen vil bli revidert undervegs, ein revisjon i 2017 med mogleik for justeringar/oppgraderingar, dersom utviklinga tilseier det. Og ein sluttrevisjon før ny strategiplan skal utviklast for perioden 2020 - 2024.

Utviklinga vil bli registrert ved måling av måloppnåing i høve mål og tiltak; måling av konkrete resultat (internt), måling av brukarresultat (medlemsundersøking og lærlingeundersøking).

Men me vil også oppfordra alle våre medlemsbedrifter til å bidra med innspel til vidareutvikling. Me ynskjer å gje god oppfølging og betjena våre medlemsbedrifter på ein god måte. Samstundes er det viktig at det er bedriftene som kan faget, og som derfor må ta ansvaret for den faglege opplæringa. Men alt som går på formalitetar ynskjer me å løysa på ein tjenleg måte for medlemsbedriftene. Og me tar derfor gjerne imot tilbakemeldingar med dykkar syn på korleis me kan løysa oppgåvene våre betre.

Sluttord

Sitat fritt gjengitt etter ein kurshaldar frå KPMG:

Visjonar utan handling – er berre draumar.

Handlingar utan visjonar – er berre tidsfordriv.

Visjonar kombinert med tiltak og handling, kan endra verden.

Om ikkje me endrar verda, så vonar me å sjå tydelege resultat av samarbeidet og innsatsen knytta til fagopplæringa. Med så mange gode og engasjerte samarbeidspartar rundt i medlemsbedriftene, kan me saman lukkast med å styrka fagutdanninga i Nordhordland, og sikra næringslivet tilgang på dugande fagarbeidarar.